



Plan og byggesak

Uttale frå landbruk 12.7.2021 – Vedrørande eigedom gbnr. 173/3

Eigedommen på gbnr. 173/3 er delt i 3 hovud teigar. To av dei består av produktiv skog og den siste teigen består av jordbruksareal samt bustadhus og anna infrastruktur. Jordbruksareala består i hovudsak av fulldyrka jord 21,3 daa, overflatedyrka jord 6,5 daa og ca. 2,5 daa lauvskog/småskog. Det er driveplikt på areal som har status som fulldyrka-, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Dette er sterkt kulturpåverka mark som kan brukast til åkervekstar, eng eller beite. Jordbruksareala på denne eigendommen er i aktiv drift og det drives grovförproduksjon (gras til vinterföring av beitedyr).

Kategoriane fulldyrka, overflatedyrka jord og innmarksbeite seie ikkje noko om kva som blir dyrka eller kva slags drift det er på arealet, men det seie noko om eigenskapane til arealet i forhold til jordbruksproduksjon. Det er eigenskapar som er viktig å oppretthalde gjennom aktiv skjøtsel og bruk av arealet til jordbruksføremål, ikkje berre for notida, men for matproduksjon i framtida. Norge har om lag 3% dyrkbart areal (kjelde: SSB <https://www.ssb.no/natur-og-miljo/areal/statistikk/arealbruk-og-arealressurser>) og har lite jordbruksareal samanlikna med mange andre land. For å sikre matproduksjonen er det derfor viktig med eit sterkt jordvern, kombinert med betre utnytting av tilgjengelege jordbruksareal

Eigendommen ligg i eit område kor det er aktiv jordbruksproduksjon, hovudsakeleg grovförproduksjon og husdyrhald, både i notid og historisk sett, eigendommen er ein del av eit større samanhengande jordbruksareal

Arealet på 7,6 daa fulldyrka jord som i plan er satt av delar av til leikeplass, er i dag eit heilskapleg areal som nyttast til grovförproduksjon. Det har veg rundt mesteparten av arealet og det er satt att ei naturleg kantsone i ytterkant der det ligg tett opp til eksisterande bustadhus, som er med på å skapa ein slags buffersone mellom jordbruksarealet og anna infrastruktur/bruksinteressar.

Om ein tar delar av dette arealet til leikeplass så kan det skapa motstridande interesser mellom bruk av leikeplass og næringsretta bruk av det resterande arealet til jordbruksproduksjon då dei kjem veldig tett innpå kvarandre.

Dette kan skapa ulempe for normal jordbruksdrift og for allmenta som oppholder seg og brukar arealet som er søkt om til leikeplass. Det vil kunne danna grunnlag for konflikt på grunn av motstridande interesser i eit område som er satt av til jordbruksføremål, som har driveplikt og er i aktiv drift i dag.